

INNSATS I BTI

UNGDOMSTEAMET



Revidert 21.01.22

OMTALE AV TILTAK/ INNSATS:

NAMN PÅ TILTAKET: Informasjon, råd og rettleiing	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: 0 – 99	
Omfang: Ved behov	Kontaktperson i tenesta: Bjarte Epland Telefon: 48153218
Omtale av tiltaket: SLT koordinator gjev informasjon, råd og rettleiing til barn, pårørande og profesjonelle om temaa rus, rusmiddel, nettvett, psykososiale miljø, radikalisering og valdeleg ekstremisme. Oftast som kartleggingssamtalar for deretter å vise til rett instans og moglege tiltak.	

NAMN PÅ TILTAKET: Urosamtale	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: 0 – 99	
Omfang: Ved behov og i samarbeid med politiet	Kontaktperson i tenesta: Bjarte Epland Telefon: 48153218
Omtale av tiltaket: SLT koordinator samarbeider med politiet om gjennomføring av urosamtalar. Urosamtalen er ein kartleggingssamtale som rettar seg både mot barnet/ungdommen og deira føresette, men kan også ved ein skilde utfordringar nyttast med vaksne. Målet er å stanse eit negativt åtferdsmønster og vere med å leggje til rette for ei positiv endring i barnet sin livssituasjon. Å finne dei rette tiltaka saman med barnet og føresette er sentralt i samtalanene.	

NAMN PÅ TILTAKET: Støttesamtale	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Samtalar rundt konkrete tema med utgangspunkt i den unge sine behov. Døme på tema er: rus, konflikhtar, helse, skule-/arbeidssituasjon, økonomi, heimesituasjon, nettverk og fritid. Me har fokus på endringssamtalar, motivasjonsarbeid (MI), sosial kompetanse (AART) og relasjonsbygging. Me legg vekt på tilgjenge og fleksibilitet.	

NAMN PÅ TILTAKET: Praktisk hjelp	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Praktisk hjelp som vekking, flytting, handling, skrive søknad, hente/følgje ungdom til møter med andre hjelparar.	

NAMN PÅ TILTAKET: Nettverksarbeid/møte	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no SLT-koordinator: Bjarte Epland Telefon: 48153218 E-post: bjarte.epland@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Arrangere og/eller delta på nettverksmøte. Ungdomsteamet er del av den tverrfaglege hjelpeinnsatsen rundt unge. Dialog med føresette, vener, andre hjelpetenester og ressurspersonar.	

NAMN PÅ TILTAKET: Aktivitet	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Hjelpe unge i gang med faste aktivitetar. Dette kan innebere kontakt med lag og organisasjonar, bistå med praktisk hjelp og å fylgje den unge på fritidsaktivitetar. Legge til rette for aktivitetar saman med unge, både individuelt og i gruppe.	

NAMN PÅ TILTAKET: Sosial trening	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering. I gruppe fleire gonger i veka. Individuelt etter behov.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 Bente Grindevik Tholvsen, telefon: 99 01 90 23 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Open stove er Utekontakten sitt drop in- tilbod. Dette tilbodet er ope to dagar i veka: Tysdag kl. 14.00-15.30 og torsdag kl. 15.00-18.00. Observasjon og rettleiing på sosialt samspel med jamaldrande. Inngår ofte i «aktivitet», sjå over.	

NAMN PÅ TILTAKET: Observasjon og kartlegging	GJELD NIVÅ: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter individuell vurdering og behov. Daglege felteøkter på arenaer der unge oppheld seg.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Kartlegging av den unge sine sosiale dugleikar i miljø og samspel med andre. Me brukar oppsøkjande arbeid som metode.	

NAMN PÅ TILTAKET: Kartlegging	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Eit eller to møte.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Møte med den unge og eventuelt føresette og andre i nettverket for å kartlegge situasjon og behov for vidare innsats.	

NAMN PÅ TILTAKET: AART (Trening i sosial kompetanse) og SPT (sosial persepsjonstrening)	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Gruppeaktivitet AART; 3 timar i veka i åtte til ti veker SPT; 10 økter a ca. to skuletimar.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 Bente Grindevik Tholvsen, Telefon: 99 01 90 23 E-post: utekontakten@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: AART er ein metode for trening i sosial kompetanse. Sosial kompetanse er ein grunnleggjande føresetting for at me som menneske skal forholde oss til og handla i ulike sosiale samanhengar. Metoden går ut på å styrke sosial kompetanse og erstatte aggressiv åtferd med sosial akseptabel åtferd. Deltakarane skal gjennomføre eit kurs over 8-10 veker, der ein går gjennom tre ulike komponentar som består av sosial dugleikstrening, sinneregulering og moralsk resonnering. Det er lagt opp til trening der alternativ åtferd vert modellert og deretter skal brukar få rettleiing og tips på ulike måtar å løyse utfordringa på gjennom gruppeaktivitet og rollespel (sjølvinstruksjon). Me har tilbod om AART- grupper på ungdomsskular og for unge vaksne, i samarbeid med skulane og NAV. SPT er eit undervisningsopplegg der ein systematisk gjennom 9 ulike tema lærer barn og unge korleis dei kan tolke signal og tilpasse seg i sosialt samspel med andre.	

NAMN PÅ TILTAKET: Rusoppfølging	GJELD NIVÅ: 2 og 3
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter individuell vurdering og behov. Ved ungdomskontrakt: oppfølging i inntil to år med ein til to samtalar per måned.	Kontaktpersonar i tenesta: Bodil Nesbø, telefon: 97 55 21 24 Jostein Øgård, telefon: 476 29 737 Bente Grindevik Tholvsen, telefon 99 01 90 23 E-post: utekontakten@stord.kommune.no Ved ungdomskontrakt: SLT-koordinator: Bjarte Epland, telefon: 48 15 32 18 E-post: bjarte.epland@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Støtte- og bevisstgjeringsamtalar knytt til rusutfordringar (sjå støttesamtalar). Ved ungdomskontrakt: Me har tilbod om to ulike program: hasjavvennings- og rusprogram. Tiltaka fokuserer mellom anna på abstinens, cannabis sin påverknad på kognitive funksjonar, fakta om cannabis og livet utan rus. Ungdomskontraktene vert oppretta i samarbeid med den unge, føresette, Politi, SLT og eventuelt barnevern. Tilvising via SLT-koordinator. - Rusprogram: Seks samtalar med urinprøvekontroll i inntil to år. - Hasjavvenningsprogram (HAP): 15 samtalar med urinprøvekontroll i inntil to år.	

NAMN PÅ TILTAKET: Ungdomskontakt	GJELD NIVÅ: 1, 2 og 3
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Etter individuell vurdering og behov. Kan intensivera til dagleg kontakt i periodar.	Ungdomskontakt: Bente Grindevik Tholvsen, telefon: 99 01 90 23 E-post: bente.g.tholvsen@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Fokuset til ungdomskontakt skal vere på ungdommar som treng ei ekstra støtte i kvardagen og som har samansette utfordringar. Ungdomskontakta skal vere fleksibel i møte med ungdommen og tek gjerne heimebesøk for relasjonsbygging og støtte. Ein kan og lage avtalar om møtepunkt andre stader der ein kjenner seg trygg. Ungdomskontakt kan tilby hjelp dersom ein slit med å gå på skulen, har psykiske utfordringar, utfordringar i høve rus, eller andre ting som er vanskelege. Ungdomskontakten tek også del i Utekontakten sitt oppsøkande arbeid og gruppetilbod.	